



MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Fylkeshuset - møterom Sygna
Møtedato	08.12.2014
Kl.	17.00 – 19.30

Faste medlemmer til stades:

Åshild Kjelsnes, Ap
Nils P. Støyva, Ap
Jenny Følling, Sp
Anders Ryssdal, Sp
Noralv Distad, H
Frank Willy Djuvik, FrP
Marit Barsnes Krogsæter, V
Trude Brosvik, KrF

Forfall til møtet:

Karen Marie Hjelmeseter, Sp

Varamedlemmer til stades:

Anita Nybø, Sp

Til stades med møte- og talerett:

Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Knut Henning Grepstad

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 26. november 2014 vart godkjend utan merknader.

Fylkesutvalet vedtok slik endring i møteplanen for 2015:

Møte i fylkestinget 14. april 2015 går ut. Møte i fylkestinget vert halde 10. april 2015.

SAK 145/14 Kraftfylka sine innspel til Energimeldinga - bidrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at «Samarbeidande Kraftfylke» må ta desse forslaga ang. nett-tariffar med i sitt innspel til arbeidet med energimeldinga.

1. Ny tariffordning:

- a. Innmatingsinntekter frå kraftproduksjon må inntektsførast i det nettnivået der innmatinga skjer.
- b. Det må opprettast eit investeringsfond som kan bidra til finansiere "nasjonale nett-investeringar" i regionalnettet. Nettinvesteringar i tråd med nasjonale energimål og elsertifikatorordninga er slike investeringar. Fondet skal bidra direkte til å ta ned høge nett-tariffar i utbyggingsområda.
- c. Det må opprettast eit gjennomgåande tariffsystem for kraftforedlende industri. Dette skal sikre industrien nøytrale og konkurranserette nett-tariffar. Skilnader i spennings-nivå ved nett-tilknytning og ulike eigenskapar mellom verksemdene, skal ikkje påverke tariffane. For at ei slik ordning ikkje skal føre til urimelege konsekvensar for andre nettkundar, må det opprettast ei utjamningsordning som tilgodeser selskap med kraftintensiv tilkopla regionalnett. Dette gjeld relativt få selskap og kundar, og bør vere enkelt å administrere.

2. Revitalisering av regionalnettordninga:

- a. Eit alternativ til framlegga over, kan vere ein felles regionalnett-tariff, tilsvarande NVE sitt framlegg i den såkalla "regionalnettordninga". Tariffen skal inngå i selskapa sine tariffsystem.

SAK 146/14 Avvikling av bokbåtenesta i Sogn og Fjordane

Frå hovudutval for kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Bokbåtenesta i Sogn og Fjordane vert avvikla f.o.m. 01.09.2015.
2. Boksamlinga som vert nytta til utlån på bokbåten, vert tilbydd lokale folkebibliotek.

Avrøysting:

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Anita Nybø, Noralv Distad, Frank Willy Djuvik og Trude Brosvik røysta for tilrådinga frå hovudutval for kultur.
Marit Barsnes Krogsæter røysta mot tilrådinga frå hovudutval for kultur.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Bokbåtenesta i Sogn og Fjordane vert avvikla f.o.m. 01.09.2015.
2. Boksamlinga som vert nytta til utlån på bokbåten, vert tilbydd lokale folkebibliotek.

SAK 147/14 Nasjonal transportplan 2018 - 2027, analyse av lufthamnstrukturen

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Det har skjedd endringar på riksvegnettet i Sogn og Fjordane. Riksvegnettet og fylkesvegnettet er langt i frå godt nok utbetra til at det kan nyttast som argumentasjon for nedlegging av ein eller fleire flyplassar i Sogn og Fjordane, utan at det medfører store ulemper for dei reisande/brukarane av flyplassane.
2. Ei nedlegging av 1 eller 2 lufthamner i Sogn og Fjordane vil føre til avgjerande store ulemper for næringslivet, kommunar og regionale statsetatar gjennom lengre reisetid og mindre moglegheiter for å oppretthalde aktiviteten sin i Sogn og Fjordane. Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at det ikkje er grunnlag for å gjere endringar i strukturen på kortbanenettet, og krev difor at denne vert oppretthalden som i dag. Næringslivet er heilt avhengig av flyplassane for å vere lokaliserte i fylket. Kontakt med marknad og samarbeidspartar er avgjerande for aktiviteten. Flyplassane er ein viktig del av drifta, og er ein forutsetning for å redusere konkurranseulempene. Fylkestinget ber om at slike element vert tekne inn som ein del av dei samfunnsmessige vurderingane av strukturen. Vidare må eksisterande rutefrekvens på offentleg transport som båt og buss være ein del av berekninga av reisetida.
3. I kartleggingsarbeidet frå flyplasskommunane er det påpeikt feil/svakheiter i datagrunnlaget i Avinor sitt analysegrunnlag. Dette gjeld mellom anna reisetid, influensområde og data frå reisevaneundersøkinga. Fylkestinget ser det som svært uheldig om Avinor si tilråding til ny lufthamnstruktur vert basert på eit feilaktig faktagrunnlag og ber Avinor om å rette opp feil i grunnlagsmaterialet sitt.

SAK 148/14 Delegering av mynde til å gjere endringar i vedtektene for Fagskulen i Sogn og Fjordane

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Myndet til å gjere endringar i vedtektene for Fagskulen i Sogn og Fjordane vert delegert til fylkesutvalet.

SAK 149/14 Skriv og meldingar fylkesutvalet 8. desember 2014

Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama:

- 1: Fråsegn frå ordførarane i Sogn og Fjordane til Helse Førde:
«Ikkje kutt meir i barne- og ungdomspsykiatrien»

VEDTAK:

Fylkesutvalet vedtok etter framlegg frå Fylkesordføraren å slutte seg til fråsegna frå ordførarane i Sogn og Fjordane til Helse Førde.

SAK 150/14 Tillegg til budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak som tillegg til fylkesutvalet si tilråding i fylkestingssak 50/14:**

1. Auka tapskompensasjon på 22,5 mill. kr vert førebels sett av til bufferfondet.
2. Løyvinga til ekstraordinært tunnelvedlikehald på 64,7 mill. kr vert nytta til finansiering av Høyangertunnelen.
3. Dei frigjorte ordinære vedlikehaldsmidlane i høve finansiering av Høyangertunnelen vert nytta slik:
 - a. 22,1 mill. kr til attendebetaling av statstilskot i samband med uveret «Dagmar» i 2011.
 - b. 7,0 mill. kr i fondsavsetting for å styrke av skadefondet.
 - c. 15,0 mill. kr vert reservert ev. nye «uverskostnader» i 2015.
 - d. Resterande 20,6 mill. kr til dekking av kostnader med uveret seinhaustes 2014.

Endringsframlegg:

Høgre sette fram slikt framlegg til vedtak:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak som tillegg til fylkesutvalet si tilråding i fylkestingssak 50/14:

1. Auka tapskompensasjon på 22,5 mill. kr vert sett av til bufferfondet.
2. 22,1 mill. kr til attendebetaling av statstilskot i samband med uveret «Dagmar» i 2011 vert dekkja av bufferfondet.
3. Løyvinga til ekstraordinært tunnelvedlikehald på 64,7 mill. kr vert nytta til finansiering av Høyangertunnelen. Vedtak i FT-sak 31/14 vert gjort om, og Høyangertunnelen skal utbetrast med DAB og naudnett, innanfor ei kostnadsramme på 220 mill. kr.
4. Dei frigjorte ordinære vedlikehaldsmidlane i høve finansiering av Høyangertunnelen vert nytta slik:
14,7 mill. kr vert nytta til dekking av kostnader med uveret seinhaustes 2014. Eventuell restfinansiering vert frå bufferfondet.
5. Fylkestinget ber om ei sak til fylkestinget i april 2015 om slutføring av fv. 60 Olden – Innvik, parsell Uгла – Skarstein, med oppstart i 2015. Saka skal omfatte finansiering, med full utnytting av rentekompensasjonsordninga og ei utgreiing om brukarfinansiering.

Avrøysting:

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Anita Nybø, Frank Willy Djuvik, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for tilrådinga frå fylkesrådmannen.
Noralv Distad røysta for framlegget frå Høgre.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak som tillegg til fylkesutvalet si tilråding i fylkestingssak 50/14:

1. Auka tapskompensasjon på 22,5 mill. kr vert førebels sett av til bufferfondet.
2. Løyvinga til ekstraordinært tunnelvedlikehald på 64,7 mill. kr vert nytta til finansiering av Høyangertunnelen.
3. Dei frigjorte ordinære vedlikehaldsmidlane i høve finansiering av Høyangertunnelen vert nytta slik:
 - a. 22,1 mill. kr til attendebetaling av statstilskot i samband med uveret «Dagmar» i 2011.
 - b. 7,0 mill. kr i fondsavsetting for å styrke av skadefondet.
 - c. 15,0 mill. kr vert reservert ev. nye «uverskostnader» i 2015.
 - d. Resterande 20,6 mill. kr til dekking av kostnader med uveret seinhaustes 2014.
